



Casper Hestness
Nesbakken 30
5114 TERTNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1532 - 17/9808

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
29.03.2017

Utsleppsløyve for fritidsbustad - gbnr 60/15 Langenes

Administrativt vedtak. Saknr: 143/17

Tiltakshavar: Casper Hestness
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 60/16 Langenes.

Det vart gitt utsleppsløyve for svartvatn frå annekset på eigedomen i 1973. Utsleppet vart ført ureinsa til sjø, jf saknr 495/73. Annekset skal rivast og det skal no installerast vassklosett i fritidsbustaden. Nytt utslepp skal reinsast i slamavskiljar før det vert ført i tett leidning til sjø på 10-15 meter djupne. Storleiken til utsleppet er opplyst til 8 pe.

Det vert vist til søknad mottatt 23.02.2017.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i Kommuneplan 2011-2023 sin arealdel er definert som byggeområde for fritidsbustadar.

Det er i vedtak datert 23.08.2017, administrativt vedtak saknr 409/16 gitt dispensasjon frå kommuneplanen sine bestemmelsar i punkt 1.1, plankravet, og plan- og bygningslova § 1-8, byggjeforbodet i strandsona, for riving av eksisterande naust, oppføring av nytt bygg, riving av anneks og etablering av avlaupsanlegg på eigedomen.

Nabovarsel



Avlaupsanlegget er nabovarsla som del av søknad om rammeløyve. Det ligg ikkje føre merknader.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist på situasjonsplan datert 09.02.2017.

Reinseløysing

Utsleppet frå eigedomane skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Utsleppspunktet er opplyst til 25 meter frå land på 10-15 m djupne.

Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Privatrettslege tilhøve

Tiltaket skal plasserast på tiltakshavar sin eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege avtalar.

Drift og vedlikehald

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13. Eigedommen skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga.

Det er dokumentert ved melding frå føretaket Johny Birkeland Transport AS at slamtømming er mogleg innanfor ordinære vilkår i slamtømmeforskrifta, jf skriv datert 21.08.2015.

Naturmangfaldlova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VURDERING

Kommunen finn etter ei samla vurdering at utsleppsløyve kan gjevast slik det er søkt om.

Godkjenning etter andre lovverk

Det ligg føre løyve etter hamnelova datert 28.11.2016.

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det liggja føre igangsetjingløyve for tiltaket, jf rammeløyve gitt i vedtak datert 23.08.2016, administrativt vedtak saknr 409/16.

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 60/15 i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

- Utsleppet frå eigedommen skal reinsast i slamavskiljar, av godkjend type, før utsleppet vert ført i tett leidning til sjø på minst 10 meter djupne.
- Utsleppsløyvet gjeld for 8 pe.
- Slamtømming skal skje innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.

- Det skal betalast slangebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
- Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slik vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
- Etablering av anlegget kan ikkje ta til før det ligg føre igangsetjingsløyve for tiltaket.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1532

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sundt Arkitekter As

Strandgaten 50

5004

BERGEN

Mottakarar:

Casper Hestness

Nesbakken 30

5114

TERTNES